

# Søknadsskjema om tilskudd fra KORO (KOM)

Alle kommuner og fylkeskommuner kan søke. I tillegg kan institusjoner, organisasjoner, kuratorer, produsenter og kunstnere som skal gjennomføre prosjekter i samarbeid med kommuner og fylkeskommuner få støtte.

Innsendt dato: 29.09.2017 12:07 ID: 149

## Tittel eller arbeidstittel på prosjektet

Bybanen i Bergen, BT4

## Navn på bygg, anlegg eller sted kunstprosjektet skal tilknyttes

Bybanen i Bergen, fra Bergen sentrum til Fyllingsdalen.

## Opplysninger om søker

### Navn på søker

Hordaland Fylkeskommune

Dersom søker er privatperson eller organisasjon må navn på kommune eller fylkeskommune som er samarbeidspartner i prosjektet oppgis.

### Organisasjonsnummer

974778580

### E-post (postmottak)

hfk@hfk.no

### Postadresse

Agnes Mowinckels gate 5, Bergen, Bergen 5008, Norge

### Kontaktperson

Ronny Skaar

### Kontaktpersonens e-post

ronny.skaar@hfk.no

### Kontaktpersonens telefon

93023928

## Finansiering

### Søknadssum KORO

kr 2 500 000,00

### Søknadssum KORO i prosent

33,33 %

### Egenandel til kunstprosjekt

kr 5 000 000,00

### Egenandel i prosent

66,67 %

### Øvrig finansiering

kr 0,00

### Øvrig finansiering i prosent

0,00 %

### Totalt budsjett for byggeprosjekt

### Kunstprosjektets totale budsjett

kr 7 500 000,00

# Opplysninger om kunstprosjektet

## Kontekst

Bygginga av Bybanen er del av Bergensprogrammet for transport, byutvikling og miljø. Bergensprogrammet er eit spleiselag mellom Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Staten og innbyggjarane i Bergensområdet. Line 1 frå Bergen sentrum til Flesland er realisert i tre byggetrinn, i perioden 2009 til 2017. Bybanen bygger på ein visjon om berekraftig utvikling, både lokalt og globalt, og skal være ryggraden i byen sin kollektivtransport. Eit gjennomarbeidd designprogram understreker banen sin viktigaste funksjon: Effektiv, hurtig og punktlig transport som skal vere miljøvennleg og tilgjengeleg.

Reguleringsplan for line 2 (heretter kalla byggetrinn 4) frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen vart vedteke i Bergen bystyre 22. juni 2017. Arbeidet er i prosjekteringsfase, og byggestart er forventa i 2018. Linen skal takast i bruk i 2022.

Bybanen Sentrum – Fyllingsdalen er ei ca. 9 km lang strekning, der halvparten er i tunnel, den lengste gjennom Løvstakken. Strekingen går gjennom mange urbane område, og mange transformasjonsområde. Reguleringsplanen har store ambisjonar om utvikling av bymessig kvalitet for store deler av strekingen.

For skildring av traseen, sjå eige vedlegg.

Vi syner også til videoanimasjon av bybanetraseen "Planforslag, Bybanen i Bergen" på <https://www.youtube.com/watch?v=1EB3tQtShg0>

## Kunstfaglig prosjektbeskrivelse

I utlysningsteksten for KOM-midlane for 2017 står det at prosjekt som inngår i kommunale eller regionale mynde sitt arbeid med stadsutvikling vil bli prioritert. Slik vi ser det faller vårt prosjekt openbart inn under dette. Her er det og eit tett samarbeid mellom både kommunalt og regionalt nivå, med felles målsettingar.

Byggetrinn 1-3 frå Bergen sentrum til Flesland syner allereie no i kor stor grad Bybanen er en motor for byutvikling. Banen har medverka til utvikling av nye bydelar, nye bustader, nye stader å reisa til og nye stader å høyra til. Område er knytt saman på ein ny og enkel måte, på tvers av tidligare infrastruktur og geografiske avgrensingar. Bybanen har påverka kvardagen i Bergen langt utover det dei fleste forventa, og har i dag om lag 30 000 påstigingar dagleg. Men som med all byutvikling medfører Bybanen også endringar som kan opplevast som vanskelege for einskildpersoner. Bustadeigarar kan kjenna seg pressa av å utvikle områdeutvikling kring Bybanen til større bustadkompleks. Nokre bustader må løysast inn for å få banen frem. Ein historisk og mykje brukt parselhage må gravast opp og etablerast på nytt. Trær må fellast. Byen, landskapet og dei sosiale strukturane endrast både på godt og på vondt. Denne erkjenninga er viktig for kunstkomiteen til Bybanen, og vil ligga til grunn for prosessen vidare.

Kunstprosjektet for byggetrinn 4 er ennå i ein sær sars tidleg fase. Reguleringsplanen, som legg føringar for utvikling av traséen, vart vedteke i bystyret ultimo juni 2017. Prosjekteringsarbeidet går med høgt trykk, med planlagt ferdigstilling rundt årsskiftet 2017/2018. Kunstkomiteen har først nyleg fått innsyn i hovudtrekka på eit nivå som kan gje grunnlag for meir konkrete val. Det meste i prosjektet er derfor fortsatt ope. Det er likevel klårt at vi her står ovanfor eit komplekst og krevjande baneprojekt, med andre utfordringar enn i byggetrinn 1-3. Skildringa av traseen, som er vedlagt, gir ein indikasjon på dette. Også den konkrete fysiske utforminga av f.eks. haldeplasser og tilførselsveger verkar inn på nærmiljø og på folks liv.

Følgjande forhold er spesielt viktige:

- Bybanen er for alle. Kunsten tar plass i våre felles rom og skal tilhøyra alle.
- Bybanen endrar Bergen. På kva måte kan eller skal kunsten ha ei rolle no og i framtida?
- Ønskje om ein open, inkluderande og transparent prosess.

- Kunstprosjekt som har høg grad av medvit om / evt. er aktørar i konteksten de inngår i.

For å unngå å komma på etterskot i høve til det høge tempoet prosjekteringsarbeidet har, er ei ope prekvalifisering allereie lyst ut, på generelt grunnlag. Se utlysinga på [hordaland.no/bybanekunst](http://hordaland.no/bybanekunst). Kunstkomiteen tek atterhald om rett til evt. å henta inn kunstnarar utanom prekvalifiseringa.

Det er eit ønskje å involvera kunstnere på et tidlig tidspunkt, før for mange føresetnader er «lukka og låst». Det er også eit mål å få til eit samspel med brukarar og nærmiljø. Her kan vi trekka vekslar på Hordaland fylkeskommune sitt arbeid med kunst til Nye Åsane vidaregåande skule. med kulturhus, og på Bergen kommune / Bybanen Utbygging sin bruk av opne folkemøte i samband med reguleringsarbeidet.

### **Praktisk gjennomføring og fremdriftsplan**

Prosjekteringsarbeid for byggetrinn 4 vert utført av Sweco saman med 3RW og Smedsvig landskapsarkitektar, og gjeng for fullt føre seg gjennom hausten 2017. Detaljprosjekteringa skal leverast ved årsskiftet, då kontrahering av entreprenørar tek til. Byggestart er venta i 2018, med noko ulike oppstartstidspunkt for dei ulike delane av traseen.

Kunstfagleg prosjektleiar for byggetrinn 4 vart engasjert av Hordaland fylkeskommune i mai 2017. Kunstfagleg prosjektleiar har arbeidsplass både hos Hordaland Fylkeskommune/Kultur- og idrettsavdelinga og hos Bybanen Utbygging, for tettast mogleg integrering. Kunstkomite for byggetrinn 4 hadde sitt første møte 15. juni 2017, med representantar for Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bybanen Utbygging, Bybanen AS og Hordaland kunstsenter.

Kunstkomiteen vedtok i møte 18. august 2017 å umiddelbart utlysa ei ope prekvalifisering, for å ikkje mista tid i forhold til utviklinga av byggeprosjektet. Prekvalifiseringa lysast ut på generelt grunnlag, ettersom konkrete planar for kunstprosjektet enno ikkje er klare. Prekvalifiseringa har søknadsfrist 20. oktober 2017. Sjå utlysinga på [hordaland.no/bybanekunst](http://hordaland.no/bybanekunst).

Kunstkomiteen vil halda fram sitt arbeid gjennom hausten med sikte på ein overordna kunstplan 1. desember 2017. Delplanar for spesifikke kunstprosjekt vil bli utarbeidd laupande. Prosjektet er venta avslutta i 2022.

Sjå elles vedlagte «Prosedyre for arbeidet med kunstnarleg utsmykking».

Brosjyre om Bybanekunst byggetrinn 1 – 3:

<https://www.hordaland.no/contentassets/ee76e420dfb84bfdbfea3a1e2c5858ab/bybanekunst-2017.pdf>

#### **Forventet oppstart**

15.05.2017

#### **Forventet ferdigstillelse**

01.01.2022

#### **Vedlegg**

BESKRIVELSE AV TRASÉ MELLOM BERGEN SENTRUM OG FYLLINGSDALEN.pdf

Prosedyre for arbeidet med kunstnarleg utsmykking\_Bybanens kunstprosjekt.pdf

Brosjyre om Bybanekunst byggetrinn 1-3.pdf

## **Prosjektorganisering**

### **Kunstfaglig prosjektleder 1**

#### **Navn**

Hilde Skjeggestad

**E-post**

hilde.skjeggestad@hfk.no

**Telefon**

97982084

**CV**

CV\_Skjeggestad.pdf